

# Framlegg til vedtekter for Tromsø SV

## Bakgrunn

Tromsø SV har ikkje egne vedtekter, eller dersom dei finst er dei blitt borte og er ikkje lenger aktuelle. Dette framlegget formaliserer situasjonen slik han er i dag i stor grad. Det som er nytt samanlikna med dagens situasjon er ei innføring av ei ordning der berre halve styret er på val kvart år. Det kan vere lurt å sjå desse vedtektane saman med partiets sentrale vedtekter. Dei finn du på: <https://www.sv.no/wp-content/uploads/2013/12/Vedtekter-2015.pdf>

## Innleiing

§ 1 Tromsø SV er kommunelaget til SV - Sosialistiske Venstreparti i Tromsø kommune og er basert på prinsippprogrammet vedtatt på landsmøtet til SV.

§ 2 Desse vedtektene er underordna vedtektene nasjonalt og i fylket

## Om styret

§3 Styret i Tromsø består av det talet medlemmar som årsmøtet bestemmer, men minimum tre personar. Valperioden er to år, men slik at tilnærma halve styret er på val kvart år.

§4 Gruppleiaren for kommunestyret tiltrer styret med fulle rettar.

§5 Sosialistisk Ungdom vel ein representant til styret i Tromsø SV som møter med fulle rettar.

§6 Vararepresentantar har møte-, tale- og forslagsrett i alle styremøter.

## Om kommunestyregruppa og beinskatt

§7 Kommunestyrerepresentantar betale 10% av godtgjeringa som beinskatt til partiet. Personar som er frikjøpt for å jobbe politisk betaler 7,5% av godtgjeringa si i beinskatt til partiet.

§8 Styret kan etter søknad gje heilt eller delvis fritak frå beinskatten.

§9 Kommunestyregruppa skal forelegge alle vanskelege eller prisipielle saker for styret som avgjer om saka skal handsamast i eit medlemsmøte.

## Om medlemsmøtet

§10 Leiar eller eit fleirtal i styret kan innkalle til medlemsmøte. Dersom mogleg bør medlemsmøtet innkallast med eit varsel på minst ei veke. Medlemsmøtet kan instruere styret i politiske og organisatoriske saker.

## Om økonomi

§11 Leiar teiknar prokura og signerer for Tromsø SV

## Om nominasjonen

§12 Årsmøtet skal i år før år det er kommuneval velge ein nominasjonskomite

§13 Nominasjonskomiteen skal legge fram eit forslag til kommunevalliste for nominasjonsmøtet.

## Om vedtektene

§14 Desse vedtektane kan endrast av årsmøtet med allminneleg fleirtal